



Velkomen til LysVaken-helg i Jondal kyrkje!

Laurdag 16. – og søndag 17. november 2019 vert det LysVaken-helg for 5. og 6.klasse i Jondal kyrkje. Arrangementet skjer i heile Noreg og er ein del av trusopplæringsreforma i Den norske kyrkja.

Me samlast **laurdag 16. november kl.19.00 i Jondal kyrkje**. Der vert det variert program med gudstenesteverkstad, pizza, sosialt samvær og ikkje minst, overnatting i kyrkja. Søndag et me frukost saman, før me gjer dei siste førebuingane til gudstenesta kl.11. Detaljert info vert sent ut i forkant.

Eigenandel er **kr.180,- pr.barn** og betalingsfrist er 6. november, konto 3450.07.09679.

Viss dykkar 10 / 11-åring har trong for særskilt oppfølging eller tilretteleggjing som med treng vite om, gje oss melding om dette. Så kan me saman leggje til rette for at LysVaken-samlinga vert ei flott oppleving for barnet dykkar ☺

Arrangementet føreset at føresette er med som friviljuge og tek ei vakt eller ei anna oppgåve denne helga. Eg kontaktar dykk!

Ved dei ulike aktivitetane i kyrkja vert det teke ein del bilete som me ønskjer bruke på heimesida vår og i kyrkjebladet. Me ber dykk difor skrive Ja eller Nei for OK med bilete.

Påmelding innan torsdag 6. november. Påmelding kan sendast pr. e-post til liv.bente.steiro@jondalkyrkje.no eller pr. post til Jondal sokneråd, Elvabrotet,5627 Jondal.

**Me ønskjer din 10 / 11- åring hjarteleg velkomen til
LysVaken i Jondal !**

Venleg helsing, sokneprest Stein Ove Skadal

Namn på barnet:..... Fødselsår:.....

Adresse:.....

Mobil, føresette:Epost:.....

Allergi el.l:.....

OK med bilete? JA / NEI

EG KAN vere med som friviljug.



